

# Internasjonal vidaregåande skule

## Tilbod om eit skuleår i utlandet

**Elevar som tek Vg1 på Studiespesialiserande utdanningsprogram  
i år, kan ta Vg2 i Skottland neste år.**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



**HARAM**  
VIDAREGÅANDE  
SKULE

# Internasjonal vidaregåande skule

## 1. Innleiing

Internasjonal vidaregåande skule er eitt av undervisningstilboda til Møre og Romsdal fylkeskommune, og kan søkjast av elevar busett i Noreg. Søkjarane må vere elevar i Vg1 på utdanningsprogram for Studiespesialisering. Tilbodet blir administrert av Haram vidaregåande skule.

Ordninga går ut på at inntil 30 elevar i hovudsak frå Møre og Romsdal fylke går på ein av samarbeidsskulane våre i Skottland i eit heilt skuleår. Dei 3 samarbeidsskulane våre ligg om lag 20 - 30 minutt med tog frå Edinburgh. Skuleåret tel som Vg2 i utdanningsprogram for Studiespesialisering. Etter året i utlandet kjem elevane tilbake til norsk vidaregåande skule, og går inn i Vg3.

Elevar som nyttar seg av denne ordninga, kan såleis gjennomføre den vidaregåande utdanninga si på dei vanlege tre åra - samstundes som dei skaffar seg verdifull internasjonal studieerfaring.

Studietilbodet i Skottland er eit eineståande tilbod for elevar frå Noreg, men det er krevjande, og stiller store krav både til elevane sine evner til omstilling og til sjølvstendig, målmedvite arbeid.

## 2. Samarbeidsskulane i Skottland

Elevane frå Noreg vert plasserte ved ein av samarbeidsskulane våre i West- Lothian. West-Lothian er eit distrikt som ligg sentralt til mellom Edinburgh og Glasgow. Armadale Academy har koordinatoransvaret i Skottland, med eit spesielt ansvar med å følgje opp elevane. Det tar ca. 30 minutt med tog frå Edinburgh til Armadale. Dei to andre skulane, Broxburn Academy og The James Young High School ligg nær Livingston, som er den største byen i West-Lothian. Med tog tek det ca. 20 minutt frå Edinburgh. Alle skulane har eigen kontaktlærer som følgjer opp dei norske elevane. Kva skule elevane får plass på, vert i hovudsak avgjort ut frå fagval og kvar vertsfamilien til eleven bur.

Eit viktig mål for skuleåret er å vere i eit miljø som fremjar læring av engelsk. All undervisning foregår sjølvstendig på engelsk, og ein elev kan vere den einaste norske eleven i eit fag.

**Heimesida til skulen:** <http://www.westlothian.org.uk/armadaleacademy/>

**Heimesida til skulen:** <http://www.thejamesyounghs.org.uk/>

**Heimesida til skulen:** <http://www.broxburnacademy.net/>

### 3. Fagvalet til elevane

Samarbeidsskulen vår tilbyr fag som elevane kan byggje vidare på i Vg3 når dei kjem tilbake til Noreg. Dei vil få hjelp til å velje fag og fagkombinasjonar som gjer at dei oppfyller krava innanfor eitt av programområda i Studiespesialiserande utdanningsprogram. Når det gjeld nokre av fellesfaga, blir elevar som tek eitt år av den vidaregåande opplæringa i utlandet, fritekne for desse etter visse reglar. I både norsk og historie vil elevane få konsentrert undervisning, organisert i nokre samlingar medan dei går på skule i Skottland. Desse faga har eksamen etter Vg3, og elevane må vere budde på ein god del sjølvstudium. Elevane er og garantert undervisning i sitt andre framandspråk (4 veketimar).

### 4. Vertsfamiliar

Samarbeidsskulane våre skaffar vertsfamiliar for elevane frå Noreg. Elevane bur i private heimar som betalande gjestar, dvs. at dei betalar ein pris som dekkjer husrom, mat (frukost og middag), lys, oppvarming og ei rimeleg mengd klesvask.

Pris for hus og mat: 120 pund pr. veke.

Elevane får bortebuarstipend frå Statens Lånekasse.

### 5. Norsk kursleiar

Studietilbodet i Skottland har ein norsk kursleiar som har ansvaret for

- kontakt med skulane i Skottland
- avvikling av samlingane (sjå punkt 6)
- oppfølging av elevane
- administrasjon

Kursleiar kjem til Armadale fleire gonger i løpet av skuleåret. Elles står kontaktlærarane i Skottland til disposisjon for dei norske elevane dersom dei treng hjelp. Kursleiar held dessutan kontinuerleg kontakt med elevane pr. e-post og telefon. Skulle det vere særleg trong for det, vil kursleiaren kunne reise til Skottland på kort varsel.

## 6. Samlingar

Det vert skipa til ulike samlingar for elevane som vert tekne ut til studietilbodet i Skottland.

- Eit møte for elevane og deira føresette i mai/juni, kort tid etter at elevane er valde ut. På dette møtet blir det gjennomgang av alle dei praktiske sidene ved opplegget.
- Ei oppstartsamling i starten på skuleåret i Skottland. Denne har som føremål å bli kjent, og inneheld ulike praktiske aktivitetar. Elevane må rekne med ei utgift på kr 1.500 for denne samlinga.
- Eigne samlingar med hovudvekt på undervisning i norsk og historie for Vg2, samt samtale med kontaktlærar. Desse samlingane vert gjennomførte i Skottland.

## 7. Reisa til Skottland

Omkring 16. august reiser elevar og kursleiar saman til Skottland. Reisa går med fly til Edinburgh. Haram vidaregåande skule ordnar det praktiske med denne reisa og med heimreisa til jul, men elevane må sjølve betale billettane. Til reiser elles i skuleåret, må elevane ordne med billettar sjølve. Alle elevane får eit reisestipend frå Statens lånekasse.

## 8. Skuleåret i Skottland

Skuleåret i Skottland fell i tre terminar. Start- og sluttdatoane er om lag slik:

Termin 1:	20. august - 21. desember
Termin 2:	07. januar - 22. april
Termin 3:	23. april - medio juni

Mellom terminane er det ferie (omlag 2 veker ved jul/nyttår og påske). Det vil vere eit krav om at alle reiser heim til jul og påske.

Elevane har også andre fridagar i løpet av skuleåret.

I Skottland vil elevane vere med på ulike helgeturar. Elevane må rekne med ein eigenandel på ca. kr 1.000 for desse turane, som delbetaling for overnatting, mat og reiseutgifter.

## 9. Økonomi

Møre og Romsdal fylkeskommune v/fylkesutdanningssjefen dekkjer utgiftene til skulepengar, transport til og frå skulen og reiseforsikring for elevane frå Møre og Romsdal. Elevar frå skular utanom Møre og Romsdal, må søkje om finansiering gjennom sin skule/fylkeskommune, som igjen gjer avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Den einskilde eleven må sjølv dekkje buutgiftene på 120 pund pr. veke. I tillegg kjem utgifter til oppstartssamling, reiser og lommepengar.

Det kan verte ein del mindre utgifter å betale t.d. for kopiering og skuleuniform. Desse utgiftene må elevane betale sjølve.

## 10. Statens Lånekasse

Elevane ved studietilbodet i Skottland får bortebruarstipend, reisestipend og utstyrsstipend, samla ca. kr 45.000. I tillegg yter Lånekassa lån etter behovsprøving.

## 11. Helsetenester for elevane i Skottland

Alle bør ha såkalla Europeisk helsetrygdkort. Det sikrar at ein får helsetenester i utlandet på lik linje med dei som bur fast i landet. Kortet er gratis, og kan bestillast på [www.nav.no](http://www.nav.no).

## 12. Møre og Romsdal fylke sitt ansvar for elevane - Forsikring

Møre og Romsdal fylkeskommune teiknar eigen reise-/heilårsforsikring for elevar ved studietilbodet i Skottland.

## 13. Søknad

Elevar som søker plass på dette studietilbodet skal søkje på vanleg måte gjennom fellesinntaket i VIGO. Søknadsfristen er 1. mars. Møre og Romsdal fylke har egne kodar for dette tilbodet.

I tillegg skal elevane fylle ut eit eige søknadsskjema og sende det til Haram vidaregåande skule.

Inntaket vert gjort av Inntakskontoret i samarbeid med Haram vidaregåande skule. I samband med inntaket vil aktuelle elevar bli kalla inn til eit intervju som går føre seg på engelsk.

## 14. Vitnemål

Etter skuleåret i Skottland vil kvar elev få dokumentasjon frå sin skule i Skottland. Dei vil dessutan få ei stadfesting av skulegangen i utlandet frå Haram vidaregåande skule. Etter fullført og bestått Vg3 vil elevane få vitnemål for vidaregåande opplæring i samsvar med dei reglane som gjeld for godkjenning av eit skuleår i utlandet.

## 15. Administrasjon

Tilbodet vert administrert av Haram vidaregåande skule.

Meir informasjon om dette opplæringstilbodet får du ved å kontakte:

**Haram vidaregåande skule**  
**Skuleråsa 10**  
**6270 BRATTVÅG**

Telefon 71 28 17 00  
E-post [www.haram.vgs@mrfylke.no](mailto:www.haram.vgs@mrfylke.no)